



Saksframlegg

Investeringsrekneskapen 2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Utskrift frå økonomisystemet.

Bakgrunn for saka:

I følge økonomireglementet skal kommunestyret innan utgangen av oktober ha oversikt over bruken av investeringsmidlane for inneverande år.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035: Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

I budsjettvedtaket for 2025 vart det vedteke fylgjande prosjekt:

Startlån:

Budsjett for låneopptak for vidareutlån på 4 millionar er gjennomført. Det har også i år vore fleire utlån slik at vi har lite ledig kapital for utlån resten av året. Ein bør vurdere ytterlegare påfyll i samband med budsjett for 2026.

Egenkapitalinnskot i KLP:

Noko høgare innskot enn budsjettera – må auke budsjetttramma med kr 75 000,-.

Kulturhus/off. toalett:

Her har det blitt meirutgifter i forhold til budsjett. Dette skuldast meir innkjøp av lys- og lydutstyr, samt noko uforutsette utgifter i samband med ombygging av toalett og foaje. Budsjetttramma må aukast med kr 1 100 000,-.

Kommunale vegar:

I tråd med budsjett og prosjektet vert avslutta i år.

Århusjordet – bustadutvikling:

I tråd med budsjett. Grunnlagsinvesteringane til nytt bustadområdet er så godt som ferdige i år.

Lagerhall:

Prosjektet har ikkje noko i gang i år og ein har funne andre løysingar på det som var tenkt inn her – ein kan omdisponere løyvinga i år på kr 700 000 til andre prosjekt.

Digitalisering:

Har ikkje vore store prosjekt innan digitalisering i år som kan klassifiserast som investering. Budsjetten kan nedjusterast i sin heilhet og dekke opp investeringa til lyd og lys på kulturhuset.

Prosjekt frå tidlegare år som ikkje var avslutta til nyttår:

Lydtett rom på POS:

Dette prosjektet vart start på i fjor haust og vart ikkje avslutta før i vår. Kostnader i år har blitt på kr 185 000,- som må justerast for.

Industriområdet på Molandsmoen:

Her har det kome noko etterslep i år, totalt kr 275 000,- som må dekkast opp. Dette gjeld i hovudsak anleggsbidrag til VTK på ny trafo.

Kjøleanlegg POS:

Dette prosjektet vart start på i fjor haust og vart ikkje avslutta før i vår. Kostnader i år har blitt på kr 210 000,- som må justerast for.

Andre prosjekt som har kome på i år:

I vedteke budsjett for 2025 var det avsett 4,5 millionar kroner til rehabilitering/nye bustader. Når rekneskapen for 2024 vart avlagt i juni med stort underskot vart denne løyvinga trekt tilbake for å dekke opp underskotet.

Men med stort behov for bustader vil ein sjå på ei løysing rundt Skogtun, om ein kan få fleire leiligheter der utan store kostnader. Dette har ført til kostnader knytt til prosjektet som ein stipulerar nå vil vere på kr 250 000,- for i år. Dette må finansierast av omprioriteringar.

I kommunestyret i desember 2024 vart det vedteke å kjøpe arealet rundt skytebanen i Hegglandsgrend. Kjøpet skulle lånefinansierast. Kjøpet vart gjennomført i februar og kjem soleis inn i årets rekneskap. Inntekter frå sal av areal kan brukast til å finansiere det meste av dette slik at ein kan finansiere med egne midlar istadenfor låneopptak.

Kjøp av areal og bygg har også ført til kostnader med tinglysing og dokumentavgifter – tilsaman kr 202 000,-. Totalt manglar ein finansiering på kr 385 000,- som kan dekkast av ekstraordinære konsesjonsavgifter i år.

Utkjøp av to bilar der leasingavtalene går ut – kr 500 000,- dekkast av kommunedirektøren sin disponible investeringspott.

Konklusjon:

Nokre prosjekt treng tilleggsløyving, prosjekt frå tidlegare år som ikkje er finansiera i år og nye prosjekt som har dukka opp gjer at ein må finansiere desse med kr 2 297 000,-. Dette kan ein gjere med å omdisponere løyvinga til digitalisering og lagerhall, totalt kr 1 850 000,-, bruke utbetalt tilskot med kr 325 000,- og ekstraintekter frå konsesjonsavgift med kr 122 000,-. Låneopptak på kr 1 215 000,- til kjøp av skytebane kan då strykast og finansierast med sal av anna areal.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Oversikten over bruk av investeringsmidlane så langt i år vert teken til vitande med justering av prosjekt som beskrive i saka.

Vedteke låneopptak på kr 1 215 000,- frå desember 2024 (K-sak 94/24) vert ikkje gjennomført då ein brukar ekstraintekter frå konsesjonsavgifter i år og inntekter frå sal av areal til å dekke dette kjøpet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef